



**OBS at nokre saker kan vera  
U.off. Det er avmerka øverst til  
høgre på dei sakene det gjeld**

## Kontrollutvalet

Bergen, 04.mars 2010

### Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Torsdag 11.03.2010 kl. 10.30**

**i Kommunestyresalen**

Plan for gjennomføring av møtet og kurs:

- Kl. 10.30 – 12.00: ”Miniseminar” vedr. gjennomgang og drøfting av rapport om ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane” v/KPMG.
- Kl. 12.00 – 12.20: Matpause
- Kl. 12.20 og utover: Ordinært kontrollutvalsmøte.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, [kari.nygard@post.hfk.no](mailto:kari.nygard@post.hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, [hogne.haktorson@post.hfk.no](mailto:hogne.haktorson@post.hfk.no) . Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Klepsvik (s)  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Austevoll kommune (har møte- og talerett)  
KPMG (har møte- og talerett)  
Rådmannen i Austevoll kommune

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
01/10	Godkjenning av innkalling og sakliste	
02/10	Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.09	Vedlegg
03/10	Orienteringssaker	Vedlegg
04/10	Meldingar	Vedlegg
05/10	Rapport etter prosjekt innan selskapskontroll – forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune	Vedlegg
06/10	Møteplan for kontrollutvalet for 2010	
07/10	Gjennomgang av møteprotokollar	Møteprotokollar kan lastast ned og lesast på heimesida til Austevoll kommune
08/10	Val av revisor - arbeidsmøte	
	Ymse	



**Austevoll kommune**

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 25.11.09                      **Kl.:** 10.30 – 13.30                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 37/09 – 43/09

### MØTELEIAR

Arne Kalve Klepsvik (H)

### DESSE MØTTE

Anne-Kristine Bakke (Ap)

Kjell Nøttingnes (KrF)

Tone Solbakken (Sp) møtte i staden for Hans Reidar Njåstad

### FORFALL

Hans Reidar Njåstad (SP)

Anne Marie Otterå Halstensen (FrP) vararepresentant var innkalla men kunne ikkje møta

### DESSUTAN MØTTE

KPMG v/ Kari Hesjedal til og med sak 42/09

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
37/09	Godkjenning av innkalling og sakliste
38/09	Godkjenning av protokoll frå møte 21.10.09
39/09	Orienteringssaker
40/09	Meldingar
41/09	Vurdering av om KPMG er uavhengig i høve Austevoll kommune
42/09	Gjennomgang av møteprotokollar
43/09	Konkurransetsetting av revisjonstenester for ny avtaleperiode
	Ymse

### **37/09 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

#### HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

#### VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

### **38/09 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.10.09**

#### HANDSAMING I MØTET

Kari Hesjedal gav ei kort oppsummering av rapport etter revisjonsprosjekt om "Gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsorgstenesta i Austevoll kommune", som var oppe som sak på dette møtet. Kontrollutvalet peika også no på at det er viktig at kommunestyret får orientering om rapporten før handsaming ved at KPMG er tilstades på kommunestyremøtet. Sekretariatet tek kontakt med ordførar om dette.

Det framkom elles ikkje merknader til protokoll frå møte 21.10.09.

#### VEDTAK

Protokollen frå møte 21.10.09 vart samrøystes godkjend.

### **39/09 ORIENTERINGSSAKER**

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringssakene til orientering.

Desse orienteringssakene vart lagt fram

Nr.	Frå:	Orientering vedr.:
1	KPMG / sekretariatet / utvalsleiar	Rapport etter selskapskontroll – forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune.
		Ymse

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta rapport frå KPMG om selskapskontroll – forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune. KS Eigarforum sin tilråding med retningslinjer for dette arbeidet vart delt ut. Etter drøfting fann kontrollutvalet at ein ønskjer ei annleis vinkling på dei vurderingar som framkjem i rapporten frå KPMG. Det var semje om at ein del av KS sine retningslinjene bør leggest til grunn for det vidare arbeidet. Det blei vedteke at KPMG skal utarbeida eit tillegg til prosjektplan. Utvalsleiar og sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplan med tillegg, og kontrollutvalet ønskjer at ein ny versjon av rapporten vert lagt fram på nyåret 2010.

#### VEDTAK

- KPMG utarbeidar eit tillegg til prosjektplan datert 21.05.09, som inneheld dei signal som kom fram i møtet. Tilrådingar i KS Eigarforum sine retningslinjer bør leggest til grunn for tilrådingar om at kommunen bør utarbeida tilstrekkeleg rutinar på vesentlege områder innanfor eigarskapsforvaltning.
- Utvalsleiar og sekretariat får fullmakt til å godkjenna tillegg til prosjektplan.
- Ny versjon av rapport om forvaltning av eigarskap skal leggest fram for kontrollutvalet som sak på første møte i 2010.

### **40/09 MELDINGAR**

#### FORSLAG TIL VEDTAK:

Meldingane vert teke til orientering.

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kommunestyret	Meldingar om vedtak: <ul style="list-style-type: none"><li>o Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøte 02.09.09 er framlagt</li><li>o Meldingar om andre vedtak i kommunestyret</li></ul>
2	Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)	Innkalling til representantskapsmøte 20.11.09
3	Sekretariatet	Planlegge første møte / møtedato 2010
		Ymse

#### HANDSAMING I MØTET

Første møtedato i 2010 vert i slutten av februar. Sekretariatet finn møtedato som er tilpassa møte i kommunestyret når det gjeld handsaming av sak om val av revisor. Dei øvrige meldingane vert teke til orientering.

#### VEDTAK

Første møtedato i 2010 vert i slutten av februar. Sekretariatet får i oppdrag å finna møtedato som er tilpassa møte i kommunestyret. Dei øvrige meldingane vert teke til orientering.

#### **41/09 VURDERING AV OM KPMG ER UAVHENGIG I HØVE TIL AUSTEVOLL KOMMUNE**

##### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Harald Sylta, vedr. om KPMG er uavhengig i høve Austevoll kommune, til etterretning.

#### HANDSAMING I MØTET

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Harald Sylta, vedr. om KPMG er uavhengig i høve Austevoll kommune, til etterretning.

#### **42/09 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**

##### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

#### HANDSAMING I MØTET

Møteprotokollar og enkelte saker vart drøfta.

Det vart stilt spørsmål om korleis løyve til bruk av, og omdisponering av, rorbuer og fritidsbustader til fast bustad, vert avgjort / godkjent, og rutinar for dette. Kontrollutvalet vil og ha informasjon om oppfølging og kontroll med desse sakene på neste møte.

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

#### **43/09 KONKURRANSEUTSETTING AV REVISJONSTENESTER FOR NY AVTALEPERIODE**

##### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.

## HANDSAMING I MØTET

Konkurransesgrunlaget vart delt ut og samla innatt i møtet. Sekretariatet gjekk gjennom dokumenta og svara på spørsmål. Det kom ikkje framlegg om endringar i dokumenta.

## VEDTAK

1. Framlagt konkurransegrunlag vert vedteke.
2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunlaget før det vert sendt ut.

## YMSE

Det var ingen saker under dette punktet.

Arne Kalve Klepsvik  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 11.mars 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 03/10

### 03/10 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørande:
1	Rådmann	Om løyve til bruk og omdisponering av rorbuer og fritidsbustader til fast bustad – korleis vert slike saker avgjort og er det rutiner /retningslinjer for dette saksområdet ?
2	Rådmann	Kva skjer etter forvaltningsrevisjonsprosjekt om ”Gjennomgang av drift og økonomi i pleie- og omsosrgssektoren”
3	Sekretariatet	Utkast til årsmelding for kontrollutvalet for 2009
4	Sekretariatet	Vurdere evaluering av godkjende planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
		Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar

- Utkast til årsmelding for kontrollutvalet for 2009 vert lagt fram i møtet til drøfting



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 11.mars 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 04/10

### 04/10 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret
2	Fylkesmannen i Hordaland	Budsjett og økonomiplan for Austevoll kommune
3	Austevoll kommune / sekretariatet	Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2010
4	Sekretariatet	Melding om aktuell fagkonferanse for kontrollutvalet 02.-03.06.10
5	Forum for Kontroll og Tilsyn	Medlemsbrev nr. 2/2009
6	Kommunal- og Regionaldepartementet	<ul style="list-style-type: none"><li>- Brev ds 11.01.10 om avklaring vedr. selskapskontroll</li><li>- Brev ds 18.01.10 om begrepet selskap k.lov §80</li><li>- Brev ds 15.02.10 om retten til å vera tilstades i lukka møter for kontrollutvalet</li><li>- Brev ds 29.01.10 vedr. rapport med 85 tilrådingar for kontroll- og tilsynsarbeid</li></ul>
		Ymse

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

[Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.](#)

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar

Vedlegg:

- Meldingane er samla i eige hefte



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 11.mars 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 05/10

### **05/10 RAPPORT ETTER PROSJEKT INNAN SELSKAPSKONTROLL – FORVALTNING AV EIGARSKAP I AUSTEVOLL KOMMUNE**

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet i Austevoll kommune gjorde vedtak i møte 14.05.09, om å starte opp arbeid innanfor selskapskontroll med å sjå på korleis kommunen i praksis utøver eigarskapen sin. Det vart vidare vedteke ein prosjektplan for arbeidet, utarbeida av KPMG. Her finn ein føremål og problemstillingar ein skulle sjå på:

*”Føremålet er å undersøkje den generelle eigarskapsforvaltninga i kommunen; korleis kommunen tek i vare sitt eigarskap.*

#### *Hovudproblemstillinga i prosjektet vil vere:*

- *I kva grad er det etablert ein kommunal internkontroll for å sikre at kommunen sine interesser og føresetnader for eigarskap i selskap vert teke i vare ?*

#### *Sentrale underpunkt vil vere:*

- *Oversyn over eigarskap.*
  - *Kva typar eigarskap han kommunen, t.d. forretningsmessig motivert, ikkje økonomisk motivert ?*
- *Oppfølging av selskap.*
  - *Innhenting av informasjon frå selskap.*
  - *Ulik oppfølging ut frå motiv for eigarskap og eigardel?*
- *Utnevnning og opplæring av kommunale representantar i selskap.*
- *Internt kommunalt ansvar for oppfølging av selskap.*
- *Intern kommunal informasjonsspreiing kring eigarskap og informasjon om selskap.”*

Etter at saka igjen blei handsama i kontrollutvalet i møte 25.11.09, vart prosjektet sitt fokus retta mot ei litt breiare vinkling enn det opphavlege. Utvalet ønskte å få ei kartlegging av kommunen sine rutinar opp mot KS Eigarforum sine tilrådingar for eigarskap, selskapsleiing og kontroll av kommunalt eigde selskap og føretak.

KPMG har sett på nokre av tilrådingane til KS Eigarforum:

- Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte.
  - *Har kommunen innføring/opplæring i eigarstyring av utskilde verksemder, for eksempel i opplæring av folkevalgte?*
  - *Bli selskapa gjennomgått årlig etter generalforsamlinga?*
- Nr. 2 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger

- *Har kommunen utarbeida eigarskapsmelding?*
- *Blir selskapa nemnt i årsrapporten til kommunen?*
- Nr. 6 Eierdokument som grunnlag for selskaps- og forvaltningskontroll
  - *Har selskapa rutinar for oversending av dokument til kontrollutval?*
- Nr. 7 Sammensetning og funksjon til eierorgan
  - *Kven møter for kommunen i eigarorgan?*
- Nr. 10 Valgkomité for styreutnevning i aksjeselskap og interkommunale selskap
  - *Ligg det kriterium til grunn for forslag av styremedlemmar?*
- Nr. 12 Styresammensetning i konsernmodell
  - *Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret i dotterselskap*
- Nr. 13 Oppnevning av vararepresentantar
  - *Vararepresentantar bør være numeriske og ikkje personlege*
- Nr. 14 Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styrene
  - *Ugilde ved behandling av saker i kommunestyret*
- Nr. 15 Kjønnsrepresentasjon i styrene
  - *Kommunen strebar etter lik kjønnsrepresentasjon i styra*
- Nr. 16 Godtgjørelse av styremedlemmer
  - *Har kommunen hatt ei drøfting om honorar/utarbeida retningslinjer som grunnlag for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar*
  - *Blir styremedlemmane oppmoda til å registrera seg på [www.styreverv.no](http://www.styreverv.no)*

#### Drøfting:

Med dette som utgangspunkt, har KPMG gjennomført prosjekt innan selskapskontroll – forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune. Rapporten inneheld og rådmannen sin uttale.

Sekretariatet har merka seg at KPMG i sine vurderingar i kapittel 4, m.a. konkluderer slik:

- *”Etter kommuneloven skal Austevoll kommune si verksemd, her under eigarskapsforvaltninga, vere ”gjenstand for betryggende kontroll.”.*
- *Det ligg ikkje krav til at rutinar og retningslinjer skal vera skriftlege, men det er eit krav at kommunen skal ha tilfredstillande kontroll.*

Vidare seier revisjonen i si vurdering når det gjeld risikoperspektiv:

- *At kommunen må ta ei vurdering; om ein aksepterer den potensielle risiko som følgjer med at forvaltninga av eigarskapen – inkludert rutinar for denne – ikkje fullt ut er skriftleggjort og dokumentert. Sett ut frå ein internkontroll-ståstad, er det allment akseptert at god internkontroll byggjer på skriftlege rutinar og rutineskildringar.”*
- *At kommunen bør etablera tilpassa rutinar for ivaretaking av eigarskap dersom kommunen går inn i eller etablerer selskap ut i frå markedsmessige eller bedriftøkonomiske omsyn.*

Når det gjeld vurdering opp mot KS Eigarforum sine tilrådingar seier KPMG:

- *”At kommunen i varierende grad etterlever tilrådingane; fem av tilrådingane vert til ein viss grad teke i var, ein er ikkje aktuell i særleg grad, mens fire av tilrådingane i mindre grad er teke i vare”.*

#### Konklusjon:

Rapporten konkluderer med at kommunen sjølv bør gjennomføre ei vurdering av om dagens rutinar og system for eigarskapskontroll er tilfredstillande. Ut frå KS Eigarforum sine tilrådingar bør ein sjå på ting som ikkje er etterlevd i fullgod stand:

- Selskap blir ikkje nemnt i årsmeldinga til kommunen og ein har ikkje utarbeidd eige eigarskapsmelding (tilråding 2).
- Oppnemninga av vararepresentantar vert gjort personleg og ikkje numerisk slik som KS tilrår (tilråding 13).
- Det vert ikkje gjeve opplæring i eigarstyring (tilråding 1).

- Det er ikkje oppmoda til styrevervregistrering eller laga til retningslinjer for fastsetting av styrehonorar (tilråding 16).

Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet følgjer tilrådinga i rapporten. Det vert gjort slikt forslag til innstilling til kommunestyret.

#### FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Kommunestyret vil at det skal gjennomførast ei vurdering av om dagens rutinar og system for eigarskapskontroll er tilstrekkeleg i høve til m.a.:

- Det risikonivå som kommunen ynskjer i høve til internkontroll når det gjeld forvaltning av eigarskap.
- Tilrådingar og ”best practice” for kommunal eigarskapskontroll.

2. Det skal også etablerast rutinar for ivaretaking av eigarskap dersom kommunen går inn i eller etablerer selskap ut i frå markedsmessige eller bedriftsøkonomiske omsyn.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgevar

Vedlegg:

- Rapport ”Selskapskontroll – forvaltning av eigarskap – Austevoll kommune”
- Vedlegg 2 – KS-Eierforum
- Vedlegg 3 – Plan selskapskontroll for Austevoll

Desse vedlegga følgjer innkallinga som egne vedlegg.



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 11.mars 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 06/10

### 06/10 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET FOR 2010

#### Drøfting:

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som ev. skal vidare til formannskapet og kommunestyret. Møteplanen for Austevoll kommune for 1. halvår 2010 er lagt inn i tabellen nedanfor.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet:	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
		19.01.2010	
			16.02.2010
11.03.2010	Under avvikling	02.03.2010	23.03.2010
07.04.2010	Innstilling på val av revisor til kst.	06.04.2010	27.04.2010
06.05.2010	Uttale til rekneskap Årsmelding for KU	11.05.2010	26.05.2010
		15.06.2010	29.06.2010
28.09.2010	Budsjett 2010 for KU		
18.11.2010			

#### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2010:

Dato:	Merknad:
11.03.2010	Under avvikling
07.04.2010	
06.05.2010	
28.09.2010	
18.11.2010	

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgevar



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 11.mars 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 07/10

### 07/10 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

#### Bakgrunn for saka:

I denne saka vert møteprotokollar frå politiske organ lagt fram for kontrollutvalet. Dette er ein fast post på kontrollutvalet sine møter. Møteprotokollane kan lastas ned frå Austevoll kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse.

Det er gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Arne Kalve Klepsvik
Formannskapet / Planutvalet	Anne-Kristine Bakke
Tenesteutvalet	Hans Reidar Njåstad

Det vil være aktuelt å referere frå desse møteprotokollane:

- Kommunestyret: 17.12.09 og 16.02.10
- Formannskapet / Planutvalet: 02.12.09, 19.01.10 og 02.03.10
- Tenesteutvalet: 15.12.09 og 03.03.10

#### [FORSLAG TIL VEDTAK](#)

[Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.](#)

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgevar



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 11.mars 2010

**Sakshandsamar:** Nygard, Kari

**Kopi til:**

**Sak:** 08/10

### 08/10 VAL AV REVISOR - ARBEIDSMØTE

Kontrollutvalet handsama denne saka i møte 25.11.09, og særutskrifta viser utvalet si handsaming og vedtak:

#### *FORSLAG TIL VEDTAK:*

- 1. Framlagt konkurransegrunnlag, med dei endringar som framkom i møtet, vert vedteke.*
- 2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.*

#### *HANDSAMING I MØTET:*

*Konkurransegrunnlaget vart delt ut og samla innatt i møtet. Sekretariatet gjekk gjennom dokumenta og svara på spørsmål. Det kom ikkje framlegg om endringar i dokumenta.*

#### *VEDTAK:*

- 1. Framlagt konkurransegrunnlag vert vedteke.*
- 2. Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.*

Anbudsfristen gjekk ut 15.01.2010 kl. 12.00. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne anboda og førebudd arbeidsmøtet ut frå dette. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. Tanken er at vårt forslag til evaluering skal presenterast for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av denne presentasjonen bør utvalet i møtet gjera si eiga vurdering av anboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag fram mot at innstillinga til kommunestyret skal hansamast i neste møte i kontrollutvalet.

#### **FORSLAG TIL VEDTAK**

**Arbeidsmøte utan forslag til vedtak.**

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Rådgjevar